



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Martin Søgner, 5764 3079

## Høyringsfråsegn - Statsforvaltaren i Vestland - landbruksveg - Austrheim kommune

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 7 på gnr. 146 bnr. 1 i Austrheim kommune. Brev datert 11.05.2022, samt tilhøyrande vedlegg. Vegen er planlagt med 70 meter ny veg og ombygging av 65 meter og vil tene eit dekningsområde på om lag 16 dekar innmarksbeite på Skorholmen. I søknaden blir det oppgitt å vere totalt 200 dekar. (100 dekar jordbruksareal og 100 dekar skog). Nyttå er opplyst å vere 10 % skogbruk, 30 % utmark, 30 % jordbruk og 10 % landbruksbygg, samla 80 % landbruksinteresser. Dei resterande 20 % blir opplyst å vere privat bustad.

Vi minner om at det grunnleggande kravet for at ein veg skal handsamast etter landbruksvegforskrifta er at det er tale om ein reell landbruksveg, der landbruksinteressene utgjør hovudføremålet – dvs. over halvparten. Dette skal vurderast ut frå landbruksdrifta på eigedomen i dag og det som er pårekeleg drift i nær framtid. Med landbruksinteresser er det i landbruksvegforskrifta i utgangspunktet meint ganske tradisjonelt landbruk med drift og transport til og frå areala, både jordbruk og skogbruk, til ei viss grad også å drive husdyr til og frå beita og for å halde tilsyn med dyra - viss det er tenleg og nyttig å ha ein enkel veg til det.

Vi tek ikkje konkret stilling til om denne vegen oppfyller krava til landbruksveg, det må kommunen som førsteinstans vurdere ut frå tilgjengelege data og lokalkunnskap.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Martin Søgner  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*